

Merknadsoppsummering frå 1. gongs høyring og offentleg ettersyn m/ kommentarar

Plan: Detaljregulering Fjordkrona (BU9)

Dato 19.01.2022

Merknad frå	Merknadens innhald	Kommunens kommentar/ Plankonsulent/forslagstillar sin kommentar
Møre og Romsdal fylkeskommune (FK)	<p>Automatisk freda kulturminne</p> <ol style="list-style-type: none">1. FK er positiv til arbeidet som har vorte gjort for å følge tidlegare fråsegn til plana. Planforslaget har fulgt ønske om å utforme turstien med minst mogleg terrenginngrep. FK stiller framleis krav til at stien må plasserast så langt unna gravrøysa som mogleg og med minst mogleg terrenginngrep og skjeringar i landskapet. Dei går med på ein bredde på 1,6 meter for stien, men ikkje noko meir enn det.2. Når det gjeld belysning langs stien rår FK til at tiltakshavarar tenkjer på utforming og mengde belysning langs stien for å inngå unødig lysforurensing. FK ber om moglegheiter for låge lys/sensorstyrte lys for å unngå unødig lysforureining i friområdet.	<ol style="list-style-type: none">1. Etter ønskje frå politikarane vart det bedt om å høyre med fylkeskommunen om ein kunne redusere gradienten på gangvegen for å få den meir etter reglande for universell utforming. I si fråsegn er fylkeskommunen klar på at dei framleis har krav til minst mogleg terrenginngrep og skjeringar i landskapet. Adminstrasjonen ønskjer difor vurdering/bekreftelse frå plankonsulent at den regulerte traseen er den «beste» når det kjem til stigning med omsyn til terrenginngrep, eller om det er andre mogelgheiter som gir betre stigning med same grad av terrenginngrep. <p>Stien er foreslått plassert i den delen av området som er ønsket av Fylkeskommunen, med hensyn til at kulturminnet skal ivaretas på best mulige måte.</p> <p>Bestemmelsesområdet som angir plassering for stien gir rom for at stiens plassering kan justeres innenfor sonen, slik at kunstige terrenginngrep unngås i størst mulig grad.</p> <p>Stien vil hovudsakelig følge terrengets bratthet, og vil derfor være slakkere i starten, og frem til området ved kulturminnet, og brattere derfra opp til lekearealets utsiktspunkt. Derfra vil stien ha universell utforming.</p> <p>Dersom man i dette området skal tilrettelegge for en sti som har slakkere stigningsgrad, må dette gjøres ved at stien slynger seg fra side til side på lignende måte som for eksempel Trollstigen. En slik sti vil med 100% sikkerhet ødelegge det naturlige terrenget, den vil komme betydelig nærmere kulturminnet, og vil utløse motsegn fra Fylkeskommunen.</p>

		<p>Siden foreslått sti vurderes å være akseptert, ønsker vi å videreføre forslaget slik det forelå ved offentlig høring. Vi vurderer at stien likevel vil utgjøre et godt tilbud for mange, ved at funksjonshemmede kan ta seg frem til utsiktspunktet fra nord, mange vil kunne ta seg frem til kulturminnet fra sør uten spesielt bratt stigning, og hele stien vil kunne benyttes som en turveg og snarveg til fergekaia for beboere i nærområdet.</p> <p>2. Følgjande setning til punkt 5.2: «Ved eventuell framtidig etablering av belysning, skal denne plasserast og utformast slik at lysforureininga til omgjevnadane blir minst mogleg».</p>
NVE	<p>NVE har ikkje merknader til vurderingane som er gjort knytt til skredfare på ryggformasjonen, men stiller spørsmål ved at areal regulert til bustadføre mål er trekt nedover skråninga som ikkje er avklara i høve til reell skredfare. Dei gjer merksam på at det ikkje er tilstrekkeleg å utsetje krav til vurdering av reell skredfare til gjennomføring av tiltak.</p> <p>NVE meiner at kommunen bør vurdere på nytt om arealet nedover skråninga, som i planforslaget er regulert til bustadføre mål, er eigna til utbygging. Dei rår til at utbyggingsområdet vert avgrensa til arealet som er vurdert som sikkert.</p>	<p>Kommunen ser at det kan bli problematisk å ha byggområde som ligg inne i skredsona der den reelle faren ikkje er avklart slik NVE og Statsforvaltar påpeiker. Sjølv om det ikkje er tenkt eller lov å bygge innanfor denne sona, så kan ein støte på problemer allereie ved frådeling av tomter, om ein ser på plan- og bygningslova § 28-1.</p> <p>Dette vart formidla til plankonsulent/forslagstiller, som etter noko drøfting justerte bustadformålet ut av omsynssone skred og la det som friområde. Kommunen vurderer at dette er tilfredstillande for å unngå problemstillingar knytt til omsynssona i framtidige bygge-/delingssaker.</p> <p>Sidan fleire av tomtene vart mindre ved å justere bustadformålet fekk to av tomtene endra utnyttingsgrada frå 35% til 40% for å kompensere for dette. Dette gjeld tomt 3 og 7.</p>
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (SF)	<p>Statsforvaltaren vurderer ikkje kvaliteten til skredfarevurderinga gjort av plankonsulent, og viser til NVE</p>	<p>Sjå kommentar til NVE si fråsegn.</p>

	<p>si fråsegn. Vi merker oss likevel konklusjonen i ROS-analysen om at det ikkje føreligg skredfare for planlagt byggeareal. Samtidig ser vi av plankart og planføresegn § 6.2 at delar av planområdet ikkje er kartlagt for reell skredfare. Vi minner om at reell fare skal avklarast seinast på siste plannivå. Vi føreset at kommunen følgjer dette opp, og sikrar tilstrekkeleg tryggleik i tråd med plan- og bygningslova § 28-1 og byggtknisk forskrift (TEK17) § 7-3.</p>	
Statens vegvesen (SVV)	<p>SVV innspill vedrørende gangforbindelse ned til ferjekaia er sikret i planen og det er stilt rekkefølgekrav til det. Bredden på gangstien burde hatt noe mer bredde enn 1,6 meter med tanke på trafikksikkerheten og muligheten for et mer rasjonelt drift og vedlikehold. SVV har ellers ingen merknader til planforslaget.</p>	<p>Det er framleis sprikande ønsjer frå fylkeskommunen og SVV når det kjem til bredden på gangstien. SVV ønskjer meir enn 1,6 meter medan fylkeskommunen aksepterer 1,6 meter, men ikkje meir. Kommunen foreslår å vidarefører bredda på turstien som planforslaget til høring foreslo.</p>
Barne- og ungdomsrepresentant (BU)	<p>BU er positiv til å flytte friområdet/nærleikeklassen lenger vest. Tilknytt den planlagte turstien, fin plassering som innbyr til frileik i tilgrensande naturområde.</p> <p>BU viser til grendalaget sin kommentar at planlagte leikeplassar/friareal blir mindre og mindre, samstundes som folketalet i området veks.</p> <p>Nærmiljøanlegget som vises til er flott og med god standard. BU meina dette anlegget i stor grad er tilpassa større barn og ungdom, og stettar på langt nær krav til kvartalleikeplass som skal vere minimum 1500 m².</p> <p>BU er særleg bekymra for at det i liten grad er lagt til rette for varierte aktivitetar og fysiske utfordringar for dei minste barna på området. Kravet til innhald er meir enn minstekravet, men BU vurderer at ein her bør kunne krevje ekstra kvalitet på leikeklassen, mtp at det her tidlegare var</p>	<p>Kommunen utfordra her forslagstiller om korleis dei kunne imøtekome merknaden og dermed forsøke å kompensere for leik/allmenne areal som er «tapt» i årenes løp og for nærmiljøanlegget (vises til som kvartalleikeplass) sin størrelse og fokus på eldre barn, med å auke talet på obligatoriske leikeapparat (f.eks 4) på BLK1 og bestemme talet på leikeapparat som skal tilpassast kvar aldersgruppe (små barn/eldre barn) i føresegnene. Kommunen meina at dette er eit relativt stort areal, så viktig at den også har eit krav om innhald, uavhengig av evt andre frivillige initiativ i framtida.</p> <p>I planleggingen har vi i stor grad forholdt oss til og imøtekommet ønsjer fra Ytre Fauske og Aursneset grendelag i forhold til plassering og tilrettelegging av lekeareal og friareal. I brev til kommunen som ble gjort kjent for oss mars 2021, har grendelaget informert om hvordan de ser for seg de det grønne arealet innenfor planområdet skal tilrettelegges:</p>

	<p>regulert til ballplass og leikeplass. BU har ønske om meir tilrettelegging for små barn.</p>	<p><i>«Areal 3) Dette arealet er tiltenkt turgåere, familier, eldre, par, enslige og mennesker med spesielle behov for rekreasjon med vekt på god universell utforming, romslig plass med gode avstander og herlig utsikt over bygda vår.»</i></p> <p>I og med at stien skal etableres med universell utforming frem til utsiktspunkt, og siden området har god plass til at grendalaget kan etablere for eksempel bål plass, gapahuk og andre elementer, ser man for seg at arealet vil få funksjon slik det er ønsket av grendalaget, i tillegg til at deler av arealet vil bli opparbeidet som nærlekeplass.</p> <p>Planføresegnene sikret tidligere antall lekeapparat: «minimum sandkasse, benk, noko fast dekke jamfør krav til universell utforming og minimum 2 lekeapparat» Som følge av innspillet foreslår planføresegnene et tillegg som sikrer at det også skal etableres et balanseapparat spesielt for de minste barna. Lekeplassen vil da bli etablert med 4 forskjellige lekeelement totalt, hvorav 2 av lekeapparatene vil passe for de minste barna (sandkasse og balanseapparat). Vi vurderer med dette at kommentar og ønske fra BU er imøtekommet på en fornuftig måte.</p>
Kartverket	Det er funnet feil under kontroll av SOSI-fila hos kartverket	<p>Plankonsulent har retta feil og sendt oppdatert fil</p>